


Velkommen til **Svelgen** omsorgssenter



Menneske er unike og har ulike behov.
Vi vil derfor vite kva som er viktig for deg!
Då vil vi ved Svelgen Omsorgssenter kunne gje
deg det tilbodet som passar deg best.

Velkommen til oss!





Våre avdelingar

Vi har ei blanding av korttidsbustadar, langtidsbustadar og omsorgsbustadar på omsorgssenteret.

Det er 8–10 pasientar på kvar avdeling.

Avdelinga Lunden er på bakkenivå og har direkte tilgong til sansehagen.



Lunden



Maritinden

Keipen

Hornelen

Troda

Våre helsetilbod

Helse er samansett av ei rekkje ulike delar. På Svelgen omsorgssenter vil du få pleie og medisinsk oppfølging frå helsefagarbeidarar, sjukepleiarar og assistentar.

Vi er og stolte av å kunne tilby tilgong på tannpleiar, logoped, ergoterapi, fysioterapi, musikkterapi og fotpleiar som del av livet her.

Primærkontakt

Du få tildelt ei primærkontakt som har eit spesielt ansvar for å følgje opp deg og dine pårørande.

Lindranderom

Eit rom som er spesielt tilrettelagt for lindrande behandling ved livets slutt. Her er det plass til pårørande døgnet rundt, med overnattingsmoglegheit og kjøken.

Trening med fysioterapeut

Trening med fysioterapeut er tilgjengeleg for dei som treng det.

Tannhelse

Du får tilbod om tannpleie og behandling minimum ein gong i året, eller ved behov.



Eit aktivt og sosialt liv

Vi tilbyr ei rekkje aktivitetar i kvardagen og til heilagdagar for å verkeleg nyte livet her på omsorgssenteret.

Vi samlast ofte i Storstova eller på Havglimt for arrangement, i tillegg til at avdelingane lagar eigne aktivitetar tilpassa bebruarane.

Her er nokre av tilboda våre!

Ein gong i månaden er det andakt med prest i salen Havglimt. Presten kan lett kontaktast i andre samanhengar for dei som ønskjer det

Vi har sansehage og eit flott uteområde som eignar seg godt til turar både åleine og i fellesskap



Du kan bestille
frisørtime og bli klipt
heilt utan å forlate
senteret

Vi har
rickshawsykkel
til utlån

Vi arrangerer **bingo**
fast kvar onsdag.
Då samlar vi oss i
Storstova med god
prat og nysteikte vaflar
medan vi spelar om
premiar!

Aktivitør

Aktivitøren vår finn på
kreative aktivitetar både
for individ og for grupper,
ofte i lag med frivillige
som hjelper til.

Her står aktivitør Aud Berit Mulelid
klar med vaflar til onsdagsbingoen.





Måltid

Vi serverer måltid på felleskjøkkena på kvar avdeling. Her er gode stolar og koseleg prat for dei som vil ete i fellesskap.

Frukost vert servert frå kl 09.00

Middag frå kl 13.00

Kaffe frå kl.16.00

Kvelds frå kl 18.30 / 19.00

Middagsbesøk

Pårørande kan bestille middag dersom ein ynskjer å ete i lag med sine. Dette må du bestille dagen før.

Det er fast pris som vert bestemt årleg.

v:pps
802799



Eit av dei heimekoselege felleskjøkkena der vi serverer måltida.

Våre bustadar



Rom på korttid og langtid

På Svelgen Omsorgssenter har alle ein rom.
På rommet må du gjerne pynte med bilete,
blomar og andre pyntegjenstandar.
Veggdekorasjon må hengast etter bildelist.

Rommet er møblert med seng, nattbord, eit
lite bord, ein god lenestol, to vanlege stolar
og vegghengt TV.

Det er tillatt å innrede med éit salongbord og
ein kommode/sjenk.





Adresseendring

Når du bur på rom i lang tid, må du hugse å melde inn adresseendring. Då vil du kunne få tilsendt post.

Ved korttidsopphald treng du ikkje melde adresseendring.

Pris

Pris på korttidsopphald er ein fast sum per døgn og vert regulert årleg. Du finn prisen i enkeltvedtaket ditt om opphald eller i gebyrlista for året.

Pris på langtidsopphald blir rekna ut basert på din økonomiske situasjon. Det blir fatta enkeltvedtak.

Omsorgsleilegheit

Vi har sju omsorgsleilegheiter på omsorgssenteret.

Leilegheitene har stove, separat soverom, ein liten kjøkkenkrok, bad, bod og eigen altan. Desse er godt eigna for par.

Disse leilegheitene er ikkje møblert med anna enn TV og gardinar. Her kan ein møblere slik ein sjølv ønskjer, men ein må ta praktiske hensyn for å minimere fallrisiko og for å gjere det enkelt for personalet å jobbe der.

Bilder henger du frå bildelist i taket.

Bebuarane i desse bustadane betalar for husleige, alle måltid og for hjelp til praktisk bistand. Dei blir fakturert for hygieneartikler dersom ein ikkje skaffar det sjølv.

Medisinar og inkontinensprodukt får du på resept, og du betalar eigenandel. Dette hjelper vi deg å ordne.

Du betalar også eigenandel på drosjer, legebehandlingar og spesialistbehandlingar. Du må sjølv dekke transport til tannbehandling.

Sjukeheimen tar ansvar for å fylgje opp kontakt med lege.

Du har moglegheit for å søkje hjelpemidlar gjennom NAV, på lik linje som heimebuande.

Pris

Pris på omsorgsleilegheitene vert bestemt årleg av kommunestyret. Du finn prisen i kommunen sin gebyrliste for året.

Tryggjeik

Verdisaker

Vi frarådar å oppbevare mykje pengar på rommet. Pasienten har sjølv ansvaret for kontantar og andre verdisaker. Vi er ikkje erstatningspliktige for saker som vert vekke.

Branntryggjeik

Grunna brannfare er det ikkje lov med levande lys på omsorgssenteret.

Vi bruker heller LED-lys for å skape koseleg atmosfære.

Merking av klede

Pårørande må skaffe merkelapper og merke klede. Merk dei gjerne med Svelgen Omsorgssenter i tillegg til namn.

Vaskeriet vaskar klede to gonger per veke, så det er lurt med fleire skift.



Vi er alle unike og uerstattelige
mennesker med krav på respekt -
uavhengig av alder, kjønn og kultur.
Mennesket er ein heilhet kor dei
fysiske, psykiske, sosiale og åndelege
dimensjonane verkar gjensidig inn på
kvarandre



Dette dekkjer kommunen for langtidsbebuarar

- Alle måltid
- Personlege hygieneartiklar. Dersom bebuar ønskjer andre typar/merke enn det kommunen kjøper inn, må brukar sjølv betale for dette
- Medisinsk forbruksmateriell
- Legetilsyn av legevakt eller tilsynslege
- Medisinsk behandling
- Medikamenter
- Eigenandel for spesialistbehandling
- Transport til og frå spesialistbehandlinga.
- Behandling av fysio- og eller ergoterapeut etter ei fagleg vurdering.
- Dei fleste aktivitetar i regi av omsorgssenteret/sjukeheimen.
- Wifi

NAV dekkjer høyreapparat

NAV betalar for innkjøp og reparasjon av høyreapparat. Du har rett på nytt høyreapparat kvart sjette år.

Dette dekkjer kommunen for korttidsbebuarar

Vi dekkjer det same som for langtidsbebuarar.

Likevel anbefalar vi at pasienten har med medisiner og utstyr for de første dagane, slik at vi får tid til å skaffe det som vi ikkje har på lager.

Eigenandel for spesialistbehandling

Svelgen omsorgssenter dekkjer eigenandelen til spesialistbehandling dersom du er tilvist av tilsynslege og behandlingstidspunktet er under opphaldet ditt.

Dette må du dekkje sjølv


- Fotpleie og frisør
 - Hår- og hudpleieprodukt utover nødvendige hygieneprodukt.
 - Innkjøp og reparasjon av briller
 - Batteri og forsikring av høyreapparat
 - Tap av tannprotese
 - Feriar/turar/arrangement utanfor omsorgssenteret som bebuaren ønskjer å delta på
 - Mobiltelefon, avisabonnement og pc
 - Namnelappar til klede
- 

Besøk og post

Posten vert levert i resepsjonen og frakta til aktuell eining. Pasienten som sjølv mottek sin post, står ansvarleg for posten sin.

Om ein har langtidsplass, må ein melde flytting. Ved videresending av post frå tidlegare adresse vert ein fakturert av Posten.

Adressa her er Granden 1, (H0101), 6723 Svelgen.



Kontaktinformasjon

Ansvarleg sjukepleiar tlf. 95 98 87 75
på vakt (døgnope)

Fagleiar tlf. 91 65 85 27

Driftsjef tlf. 95 98 93 10

Lunden tlf. 40 03 42 23
tlf. 45 87 62 18

Maritinden tlf. 45 87 62 34
tlf. 45 87 52 08

Troda tlf. 45 87 62 33

Keipen tlf. 45 87 50 97
tlf. 45 87 51 12

Hornelen tlf. 47 48 27 56
tlf. 45 87 62 31



**Bremanger
kommune**

Svelgen Omsorgssenter
Granden 1
6723 SVELGEN
Tlf.: 95 98 87 75